

Det finst pengar til gode prosjekt!

I samarbeid med ei arbeidsgruppe som arbeider for regionalt samarbeid innan kulturfeltet, inviterer Sunnmøre regionråd til kurs om tilskotsordningar.

Målgruppa er tilsette i kommunar, ressurspersonar i frivillige lag og organisasjonar, folkevalde og andre interesserte.

Målet er å sikre finansiering av gode lokale tiltak på Sunnmøre.

Foredragshaldar er Anders A. Vik som sidan 2006 har halde kurs for kommunar og organisasjonar over heile landet. På kursa vil han ta for seg ei rekkje tilskotsordningar og vise korleis desse kan brukast på spennande og kreative område. Fokus på samarbeid, mulegheiter og motivasjon til å lykkast!

Det blir arrangert to kurs; eit innføringskurs om tilskotsordningane og eit praktisk kurs i søknadsskriving. Det er ikkje krav om å delta på begge kursa.

For at flest mogleg skal ha høve til å delta, blir kursa gjennomførte både på dag- og kveldstid på seks ulike stader i regionen.

På Ørskog samfunnshus blir innføringskurset tysdag 24.09. og skrivekurset tysdag 22.10.

Meir informasjon og link til påmelding finn de på www.sunnmoreregionrad.no.

Skodje kommune

ønskjer alle

God sommar!

Registrering av kulturminne

Skodje kommune er no i gang med kulturminneplanarbeidet. Det skal både gjerast oppdatering av SEFRAK-registreringane frå 1977/1978 og nyregistreringar.

Formålet med SEFRAK-registeret

SEFRAK (Sekretariat for registrering av faste kulturminne) er først og fremst eit generelt kulturhistorisk register som særleg har verdi som kjeldemateriale for lokal historie. Men registeret vert også nytta av forvaltninga som eit utgangspunkt for å finne verneverdige bygningar.

Er huset mitt registrert i SEFRAK?

På nettsida miljostatus.no/kart kan du sjekke om huset ditt er registrert i SEFRAK-registeret. Kryss av for SEFRAK under "kulturminner" i venstremenyen og zoom deg inn på kartet. Raud trekant betyr at det er eit meldepliktig SEFRAK-bygg, medan dei andre SEFRAK-bygga er gule. Ein grå trekant viser at bygningen er blitt fjerna. Dersom du klikkar på trekanten, får du opp litt av den informasjonen som er registrert om kvar enkelt bygning.

Restriksjonar?

Bygningar som er SEFRAK-registrerte er ikkje tillagt spesielle restriksjonar.

Reservasjonsrett

Dersom du ikkje ønsker at noko du eig skal bli registrert som kulturminne i ein kulturminneplan, er det sjølvsagt råd å reservere seg mot det.

Vi er klar over at mange tenkjer at å ta vare på eit kulturminne kan medføre fredning, store utgifter og avgrensing i råderetten. Det er ikkje Skodje kommune sitt føremål med kulturminneplanen. I arbeidet som står føre ønsker vi å få ei oversikt over kva kulturminne vi bør ta vare på, og korleis vi kan gjere det til beste for alle.

Tiltak i handlingsdelen i kulturminneplanen vil verte avklara i nær dialog med eventuelle private interesser.

Reservasjon mot at ev. kulturminne skal bli registrert i ein kulturminneplan, gjer du ved å sende e-post til magne.fylling@skodje.kommune.no, eller i brev til Skodje kommune, kultureininga, rådhuset, 6260 Skodje, innan 01.07.2013.

Vil du vere med og registrere kulturminne?

Skodje kommune inviterer med dette alle innbyggjarar til å gå saman i ein dugnad for å finne ut kva kulturminne og kulturmiljø vi vil løfte fram og ta vare på, fordi dei fortel noko viktig om historia vår og dermed byggjer tilhøyrslø og identitet.

I denne omgangen ønsker vi registrering av faste kulturminne (bygningar, bruer, steingardar og andre spor i kulturlandskapet).

Registrering skal skje på eige feltskjema. Det skal beskrivast korleis objektet framstår i dag, og også historia rundt kvifor dette er eit viktig kulturminne. Det er fint om de kan ta bilete som kan leggjast ved skjemaet ved innsending.

Målet med kulturminneplanen er å auke kunnskapen om, og bevisstgjeringa av, lokale kulturminne i Skodje, og etablere grunnlag for god kulturminneforvaltning.

Dette skal oppnåast ved å:

- Gjennomføre registrering av faste kulturminne.
- Foreta verddivurdering av registrerte objekt.
- Utarbeide forvaltningsplan/handlingsplan for lokale kulturminne.

Registreringsarbeidet punkt for punkt:

1. Utstyr: Feltskjema, fotoapparat og, for dei som har tilgang til det, GPS (t.d. på mobiltelefon). Dette for å kunne oppgi kartreferansar til kulturminnet.
2. Oppsøk kulturminnet, fyll inn opplysningar i feltskjemaet og ta bilete.
3. Send inn registreringane dine pr. e-post til magne.fylling@skodje.kommune.no, eller i brev til Skodje kommune, kultureininga, rådhuset, 6260 Skodje.
4. NB! Snakk med grunneigar dersom du ønsker å ta deg inn på privat eigedom for å gjere ei registrering.
5. Registrering av kulturminne som skal inn i planlagt førsteutkast av Kulturminneplan for Skodje kommune, må vere innsendt før 01.01.2014.

Har du spørsmål om registreringa, kan du ringe 48 30 05 59.

Biblioteket

Skodje bibliotek er stengt i veke 27, 28, 29 og 30.

Siste opningsdag før ferien:
Fredag 28. juni.

Første opningsdag etter ferien:
Måndag 29. juli.

Bandtvang

Skodje kommune har ei eiga forskrift om bandtvang for hund. § 1 i denne forskrifta lyder: «Eigar eller innehavar av hund i Skodje kommune pliktar å halde hunden i band eller forsvarleg innestengd eller innegjerda frå og med 1. april til og med 31. oktober.»

Vis omsyn!

Renovasjon

ÅRIM har ansvar for all dagleg kundekontakt, avviksmeldingar m.m. Tlf.: 70 16 41 80.

Tinging av dunkar skal skje til Skodje kommune, servicekontoret, tlf. 70 24 40 00.

Helgefred

Fleire har teke kontakt med kommunen om brot på helgefreden. Vi minner om at det i følge norsk lov er forbode å drive med støyande aktivitetar på søndagar og andre heilagdaggar. (Jf. *Lov om helligdager og helligdagsfred* § 3).

Vi oppmodar òg om å vise omsyn til naboar og andre ved å unngå unødig støyande arbeid på kveldstid.

Neste Kommunenytt

Neste *Kommunenyt*t kjem ca. 14. september. Frist for innlevering til dette nummeret er 7. september.

Frisklivssentralen

Friskliv born

3. september vil Skodje Frisklivscentral i samarbeid med helsesøstre, kommunefysioterapeut og skulane starte eit tilbod for born og føresette med utgangspunkt i 3. klassetrinn. Dette er eit forebyggjande tiltak med mål om å stimulere born og familiare deira til å ta sunne val i kvardagen, både når det gjeld kost og aktivitet.

Levevanar ein etablerar som born vil ein ha med seg i vaksen alder og det er viktig å leggje eit godt grunnlag tidleg i livet. Tilbodet består av fysisk aktivitet og leik ute og inne, med og utan foreldre, BraMat-kurs og samtalar. Tilbodet er gratis.

Sluttekurs

Nytt sluttekurs for røyk og snus vil starte opp i september. Dette vil foregå på ettermiddag/kveld. Ta kontakt med Frisklivssentralen eller fastlege for påmelding. Tilbodet er gratis.

Ferie

Basetilbodet ved Frisklivssentralen fylgjer skuleruta. Det vil likevel vere mogleg å ta kontakt for helsesamtale eller andre spørsmål i skuleferien.



Skatteoppgjeret 2012

2 756 skattytarar får i desse dagar tilsendt skatteoppgjeret for 2012. Det er utlikna til saman 200,5 mill. kroner i skatt. Dette er 12,5 mill. kroner (6,6 %) meir enn i fjor. Det er i hovudsak lønstakarar og pensjonistar som får oppgjeret no.

Tilleggsforskot

Før fristen 31. mai var det innbetalt tilleggssforskot på til saman 5,6 mill. kroner.

Innbetalt tilleggssforskot for inntektsåret 2011 var 4,4 mill. kroner.

Til gode

Om lag 20,9 mill. kroner vert utbetalt til 1 934 skattytarar. 24 av desse får til gode over 50 000 kroner.

Alle tilgodebeløp skal vere utbetalt i veke 26.

Restskatt

342 skattytarar skal betale restskatt på til saman kr 3,1 mill. kroner. 9 av skattytarane må betale over 50 000 kroner.

480 skattytarar har fått restskatt under 100 kroner.

Innbetalingsblankettane vert utsendt i byrjinga av juli.

Suksessive skatteoppgjer

Ordninga med suksessive skatteoppgjer held fram. Dette tyder at det frå 7. august vert sendt ut skatteoppgjer kvar veke, heilt fram til hovudoppgjeret 16. oktober. Næringsdrivande og deira ektefeller er først med i andre pulje, dvs. frå 7. august.

Informasjon og klage

Skattekontoret, tlf. 800 80 000, kan svare på spørsmål som gjeld likninga. Klagefristen er seks veker etter at du får skatteoppgjeret. For dei som får skatteoppgjeret i juni, er klagefristen 10. august.

Skatteoppkrevjaren kan svare på spørsmål som gjeld avrekninga.

Hagebord

Prestemarka bu- og dagtilbod har hagebord for sal.

Kr 1 700,- pr. stk.

**For bestilling, ring
70 24 48 97.**



"Kommunenyt"t vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundregionens utviklingskontor.
Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørndal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no